



Time sokneråd

Postboks 373
4349 BRYNE
Tlf: 51 77 03 77
Faks: 51 77 03 60

Bryne 23.03.2010

Referat frå møte i Time sokneråd

Møtedato: 18.03.2010
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Kyrkjetoget

Tilstede:

Amund Undheim, Arne Heggheim, Irene Time Grødem, Marit Hallaråker Fotland, Solveig Hodne Hetland, Hermund Lende, Torleif Vestly, Gunnar Frøyland, Elisabeth S. Obrestad.

Referat

Innkalling og referat godkjent.

Drøftingssak: Forsikring, overrislingsanlegg Time kyrkje.

Soknerådet ynskjer at Fellesrådet tek ei nærmare utredning av saka.

Sak 014/10 Brev til Time kommune.

Vedtak:

Time sokneråd tek saka til etterretning.

Sak 015/10 Innkjøp av nytt lydanlegg og projektor til Time kyrkje.

Vedtak:

Time sokneråd beklagar at det i jubileumsåret ikkje blei funne økonomiske midlar til lydanlegg og projektor som planlagt. Då eit velfungerande lydanlegg inngår i forskrifter for universell utforming, må dette prioriterast raskt. Viser til at midlane vart brukt til vedlikehald av det elektriske anlegget, og ikkje til lydanlegg og projektor som planlagt.

Sak 016/10 Lye forsamlingshus, kontaktperson.

Vedtak:

Jone Ueland blir gjenvalgt som kontaktperson for Lye forsamlingshus ut soknerådsperioden.

Sak 017/10 Konfirmantfest Time 2010.

Vedtak:

Flott fest! Fabelaktig andakt v/Margrete Heggheim.

Bra med lovsangsteam og gode teknikarar.

Mat – dette gjekk knirkefritt. Litt snautt med pizza, og pizzabilen kom 15 min. for seint. Elles var der nok brus og kaker.

Sak 018/10 Kurs i Frøyland/Orstad 2. mars 10.

Vedtak:

Time sokneråd vil gjere seg kjent med veiledningspakken, og ta seg tid til å sjå DVD en på møte 27. mai 2010.

For Time sokneråd 2010 - 2011

Elisabeth S. Obrestad
Sekretær